

## Handlingsplan 2024-2025

1 **ANSA skal motivere fleire til å velje studium i utlandet og gjere studium i utlandet meir**  
2 **tilgjengeleg**

3 Tiltak 2024-2025:

- 4 • ANSA skal tilby oppdatert og heilskapleg informasjon om godkjenning, kostnad og relevans  
5 av studium i utlandet, slik at alle studentar kan ta informerte val.
- 6 • ANSA skal delta på alle utreiseseminara i UH-sektoren, og ha eigne utreisearrangement for  
7 studentar som tek heil grad i utlandet.
- 8 • Samarbeidet mellom UH-sektoren og ANSA lokalt skal styrkes og koples meir saman.
- 9 • ANSA skal tilby opplæring til relevante rådgivarar og rettleiarar i vidaregåande skule og  
10 høgare utdanning om utanlandsstudium.
- 11 • ANSA skal motivere komande utanlandsstudentar gjennom inspirerande innhald på SoMe-  
12 kanalar og på nettsidene våre.
- 13 • ANSA sentralt skal auke fokuset på informasjon og aktivitetar retta mot landa nemnt i  
14 Kunnskapsdepartementet sitt brev om tilsegn til utanlandsstudiar, medrekna bl.a.  
15 Panoramaland, Erasmus+, og studium i ikkje-engelskspråklege land.
- 16 • ANSA skal jobbe for å få gjennomslag for sine prioriteringar i statsbudsjettet.
- 17 • ANSA skal vidareutvikle ordninga for ANSA-ambassadørar. ANSA skal fokusere på  
18 rekruttering av ANSA ambassadørar basert på geografisk spreing i Noreg for å inkludere  
19 fleire landsleder.
- 20 • ANSA skal igjen opprette ei sentral database for kontaktpersonar.
- 21 • ANSA Sentralt skal utforske kva for moglegheiter dei har for oppfølging av potensielle  
22 medlemmar.
- 23 • ANSA skal ha større fokus på å nå ut til elevar i distriktet. Det bør leggjast vekt på at  
24 studierådgjevarar i heile Noreg skal ha kunnskap om ANSA.

25

26 **ANSA skal være ein trygg og inkluderande organisasjon som varetek alle medlemmer og**  
27 **tillitsvalde.**

28 Tiltak 2024-2025:

- 29 • Alle tillitsvalde skal vere kjente med både ANSA sine beredskaps- og varslingsrutinar, og det  
30 skal vere lett tilgjengeleg for alle i organisasjonen å melde frå om uønskt oppførsel.

- 31 • ANSA skal tilby nettbasert lege og psykolog.
- 32 • ANSA skal fremme ein variasjon i arrangement, deriblant helsefremmande arrangement,
- 33 både lokalt og sentralt. ANSA sine arrangement skal ha alkoholfokusfridom.
- 34 • ANSA sentralt skal ha opplæring av alle tillitsvalde.
- 35 • ANSA skal aktivt promotere og informere om moglegheitene for å bli tillitsvald. Det skal vere
- 36 fokus på brei rekruttering av tillitsvalde blant medlemmane.
- 37 • Informasjon om Goodwill-ordninga skal gjerast lett tilgjengeleg, og skal rettast spesielt til dei
- 38 medlemmene som ikkje har eige ANSA-styre.
- 39 • ANSA sentralt skal utvikle porteføljen av gode for medlemmane i samarbeid med dei
- 40 tillitsvalde.
- 41 • Medlemsdatabasen skal oppdaterast kontinuerleg, samt vere oversiktleg og enkel å bruke.
- 42 • ANSA skal gjere viktig informasjon tilgjengeleg også på nynorsk. Jmf. «Lov om språk
- 43 (språklova)» (LOV-2021-05-39 21-42) vil ANSA arbeide for at både nynorsk og bokmål skal ha
- 44 ei jamstilt rolle i organisasjonen. Studentar som har nynorsk som hovudmål, skal
- 45 oppmuntrast til å skrive rapportar og innlegg om eigne erfaringer på ANSA sine kanalar i
- 46 sosiale medium på nynorsk. Alle e-postar bør få svar på det målet dei er skrivne på.
- 47 • ANSA skal oppfordre dei tillitsvalde til å promotere organisasjonen/foreninga mellom
- 48 medlemmane som høyrer til deira lokallag.
- 49 • ANSA skal ha TRIA kontaktar i alle verdsdelar kor det finst ANSA land.
- 50 • ANSA skal gjennomgå organisasjonsstrukturen med den hensikt å optimalisere
- 51 organisasjonen. Hovudstyret skal sette rammene for gjennomgangen. Arbeidet skal lede til
- 52 anbefalingar til generalforsamlinga 2026, med en orientering om framgang og diskusjon på
- 53 generalforsamlinga 2025.
- 54 • ANSA skal jobbe for å utforme betre moglegheiter for finansiering av land- og regionslag i
- 55 verda slik at det blir meir tiltrekkande for tillitsvalde å innta desse verva.
- 56 • ANSA skal greie ut moglegheita for danning av fagutval for å fremje faglege sirkclar og hjelpe
- 57 med faglege tolkingar, og helseutval for å vareta og fremje helseutdanningar i utlandet.
- 58 • ANSA land skal aktivt oppfordrast til å samarbeide med andre styrrer og
- 59 studentorganisasjonar på tvers av landegrenser, samt inkludere ikkje-norske studentar for å
- 60 fremje eit internasjonal nettverk.

61

## 62 **ANSA framheve verdien av studium i utlandet**

### 63 Tiltak 2024-2025:

- 64 • ANSA skal bygge breie koalisjonar for å sikre politiske gjennomslag.

- 65 • ANSA skal sikre sin posisjon som samfunnsaktør ved å påverke gjennom både digitale og  
66 tradisjonelle medium, og setje agendaen i mediebiletet.
- 67 • ANSA skal tilby karrierefremmande kurs og ytterlegare tilbod spissa mot studentar med  
68 internasjonal kompetanse.
- 69 • ANSA sine karrierearrangement skal ha brei representasjon frå ulike fagfelt.
- 70 • ANSA skal bygge opp alumni-nettverket i organisasjonen.
- 71 • ANSA skal skape fysiske og digitale møteplassar slik at utanlandsstudentar kan bygge  
72 nettverk.
- 73 • ANSA skal arrangere møte for å oppnå tettare kontakt med arbeidslivsorganisasjonane og  
74 arbeidsgjevarar.
- 75 • Betre samarbeid mellom ANSA land/lokallag og ANSA Alumni for å betre inkludering av  
76 utanlandsstudentar inn i arbeidslivet i Noreg.